



Stortingets kommunal- og forvaltningskomite
0026 OSLO

Dykkar ref
2024/7343

Vår ref
24/4417-3

Dato
3. desember 2024

Dokument 8:21 S (2024-2025) om lågare vass- og avløpsgebyr

Eg syner til brev frå kommunal- og forvaltningskomiteen av 19. november 2024 med representantforslag 21 S (2024–2025) frå stortingsrepresentantane Anne Kristine Linnestad, Erlend Larsen, Liv Kari Eskeland, Mahmoud Farahmand og Turid Kristensen.

Utfordringane vi ser på vass- og avløpsområdet heng saman med det store vedlikehalds- etterslepet i sektoren. På avløpsområdet heng det også saman med nye krav som kan kome i revidert avløpsdirektiv. Regjeringa føreslo i statsbudsjettet å redusere meirverdiavgifta for vatn og avløp frå 25 til 15 prosent. Dette vil slå rett inn i gebyra til innbyggjarane. Dette bidreg til å dempe det økonomiske trykket på befolkninga inn i ei tid med store investeringar på dette feltet.

Innan vatn og avløp er det sjølvkostprinsippet som gjeld, og vi som brukar vass- og avløpstenestene betalar for velfungerande tenester. Dette er òg i tråd med prinsippet om at forureinar skal betale. Eg meiner desse prinsippa framleis må ligge fast.

Regjeringa vil legge til rette for at kommunane gjer smarte og gode investeringar for å sikre gode vass- og avløpstenester. Derfor la regjeringa fram nye Nasjonale mål for vatn og helse med gjennomføringsplan 16. februar i år. Tiltak H5-3 i gjennomføringsplanen har følgjande ordlyd:

Innhente kunnskap om hvordan gebyrer for vann og avløp benyttes og hvordan det påvirker utviklingen innen området, utrede barrierer og muligheter, samt vurdere om regelverket bør endres for å stimulere til økt fornyingstakt av vann- og avløpssystemene.

Dette punktet skal ifølgje gjennomføringsplanen vere utført innan 2026. Ulike insentivordningar som kan stimulere til sterkare fagmiljø og meir interkommunalt samarbeid blir òg vurdert, jf. tiltak H2-1 og H2-2 i gjennomføringsplanen. Mellom anna har Miljødirektoratet, på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet, fått utarbeidd ein rapport frå Menon Economics, Norconsult og Berngaard som kartlegg interkommunale samarbeid på avløpsområdet blant kommunar i nedbørsfeltet til Oslofjorden. Rapporten vart levert i februar 2024 og blir følgd opp av Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet.

Regjeringa har i statsbudsjettet for 2025 også føreslått å vidareføre tilskotsordninga for planlegging og prosjektering av nitrogenfjerning ved avløpsanlegg i Oslofjordens nedbørsfelt med om lag 28 millionar kroner. Ordninga blir forvalta av Miljødirektoratet, og direktoratet vil mellom anna prioritere søknader om støtte til prosjekt som er eit samarbeid mellom fleire kommunar eller kommunalt eigde selskap. Meir informasjon om ordninga finst på direktoratet sine nettsider.

Eg vil òg vise til tiltak H3-1 om å evaluere program for teknologiutvikling i vassbransjen og vurdere eventuell vidareføring og utviding av denne støtteordninga. I samband med dette arbeidet vil det bli vurdert om denne ordninga eventuelt òg bør rettast inn mot å stimulere til sterkare fagmiljø og meir interkommunalt samarbeid. Eg vil òg nemne tiltak H3-2 om å legge til rette for at *Nasjonalt senter for vanninfrastruktur* på Ås blir eit attraktivt teknologimiljø for å møte utfordringane på vass- og avløpssida. Dette senteret er eit resultat av samarbeid mellom kommunar for å løyse felles utfordringar. Senteret opna i juni i år og er allereie blitt eit attraktivt opplæringscenter for kommunar med fullteikna kurs, ifølgje senteret sjølv.

Kommunelova § 15-1 med tilhøyrande forskrift om sjølvkost gjev reglar for korleis sjølvkost skal bereknast og handsamast over tid. Tidlegare var dette berre regulert gjennom retningslinjer, men med ny kommunelov vart dette lovfesta frå og med 2020. Kommunelova § 15-1 slår fast dei grunnleggjande prinsippa, medan sjølvkostforskrifta regulerer nærare korleis samla sjølvkost for ei sjølvkostteneste skal bereknast og korleis kommunen skal handsame høve kor dei i einskilde år tek inn meir eller mindre i gebyrinntekter enn sjølvkost.

Som eg skreiv i mitt tilsvar til Dokument 8:35 (2023–2024), er det naturleg å evaluere forskrifta om sjølvkost etter at ho har verka litt tid. Kommunal- og distriktsdepartementet sette derfor i vår ut eit prosjekt som skal sjå på mellom anna avskrivningstider, kalkylerente og framføringsperiode, altså det som representantane tek opp i punkt 3 til 5 i forslaget. Sluttrapporten frå prosjektet vil bli levert til departementet i desse dagar og vil bli publisert på departementet sine nettsider.

Rapporten vil vere eit kunnskapsgrunnlag når departementet skal evaluere sjølvkostforskrifta. Utreiinga vil på vanleg vis måtte skje i tråd med utgreiingsinstruksjonen, og

eventuelle endringer i regelverket vil bli sende på høyring. Eg vil orientere Stortinget om status for arbeidet i kommuneproposisjonen til neste år.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Erling Sande'. The signature is stylized with large, sweeping loops and a prominent 'S'.

Erling Sande



Kommunal- og forvaltningskomiteen

Stortinget

Deres ref

Vår ref
24/4803-

Dato
10. januar 2025

Dokument 8:35 S (2024-2025) representantforslag om tiltak som vil kunne redusere vann-, avløps- og renovasjonsgebyrene betydelig

Jeg viser til representantforslag fra representantene Wiborg, Stordalen, Gulati, Limi, Wold, Nilsen, Halleland og Hoksrud, om forslag om å gi midlertidig utsettelse av kravene til nitrogenrensning som kommunene i Oslofjordens nedbørsfelt er eller vil bli pålagt.

Miljøtilstanden i Oslofjorden er alvorlig, og utslipp fra avløp er en av de største påvirkene. Regjeringen har allerede kommet med nye krav for å begrense avrenning fra jordbruket og jobber samtidig med nye fiskeriregler. For å få ned utslippene fra avløp trenger vi få på plass nitrogenfjerning ved om lag 50 avløpsrenseanlegg i Oslofjordens nedbørsfelt. Allerede i 2022 sendte Miljødirektoratet brev til statsforvalterne om at kommuner og IKS-er i Oslofjordens nedbørsfelt må forvente at det kommer krav om nitrogenfjerning i årene fremover, og at det er behov for kommunene starter utredning og planlegging av nitrogenfjerning så raskt som mulig. Miljødirektoratet har bedt statsforvalterne om å prioritere oppfølgingen av de kommunene som står for de største enkeltutslippene. Noen kommuner er godt i gang med arbeidet. For eksempel har Øvre Eiker, Fredrikstad, Hvaler og Sarpsborg kommune igangsatt bygging av nye renseanlegg med nitrogenfjerning. Disse skal være ferdig i 2026. Hurtig innsats er avgjørende for å redde fjorden, og derfor må alle kommunene bidra. Bare på den måten kan den negative utviklingen i Oslofjorden snus.

Det er statsforvalter som er forurensningsmyndighet for de avløpsrenseanleggene som nå må få nitrogenfjerning på plass. Det betyr at det er statsforvalter som stiller rensekrav og frister i enkelttillatelser etter forurensningsloven. Det er opp til den enkelte kommune å bestemme hvordan de vil etterkomme krav fra statsforvalteren, men det vil ofte være behov for utredninger før kommunen kan velge renseløsning. Det kan også være behov for dialog mellom statsforvalter og kommunen, både i forkant og underveis i behandlingen av en

søknad om utslippstillatelse. Miljødirektoratet er klageinstans for statsforvalters vedtak. Siden statsforvalter er forurensningsmyndighet mener jeg at det ikke er naturlig at departementet går inn i vurderinger av krav og frister i disse konkrete sakene.

Regjeringen prioriterer Oslofjordarbeidet høyt og vil støtte kommunene slik at bedre avløpsrensing kommer raskt på plass. Vi har etablert en tilskuddsordning for planlegging og prosjektering av nitrogenfjerning for kommunene i Oslofjordens nedbørsfelt, og for 2025 er det bevilget over 50 millioner til denne. Vi har også styrket både statsforvalter og Miljødirektoratet for å bidra til raskere saksbehandling av utslippstillatelser og sikre god veiledning til kommunene.

Jeg vil ellers vise til at regjeringen i statsbudsjettet for 2025 foreslo å redusere merverdiavgiftssatsen på vann og avløp fra 25 til 15 prosent. Dette vil slå rett inn i gebyrene til innbyggerne og bidra til å dempe det økonomiske trykket på befolkningen inn i en tid med store investeringer på dette feltet. Forslaget er på høring, men det tas sikte på at den reduserte satsen kan gjelde fra 1. mai 2025.

Til slutt vil jeg også vise til kommunal- og distriktsministerens svar til Dokument 8:21 S (2024–2025) om lavere vann- og avløpsgebyrer. I sitt svar omtalte kommunal- og distriktsministeren en nært forestående rapport som blant annet skulle se på avskrivningstider, kalkylerente og framføringsperiode i selvkostberegningene. Rapporten har siden blitt publisert på regjeringens nettsider og er et kunnskapsgrunnlag for å vurdere endringer i regelverket på disse punktene. Kommunal- og distriktsdepartementet vurderer nå anbefalingene i rapporten, blant annet lengre avskrivningstid på ledningsnett. Utredningen vil på vanlig vis måtte skje i tråd med utredningsinstruksen, og Kommunal- og distriktsdepartementet legger opp til å kunne sende et forslag på høring i løpet av våren 2025, slik at eventuelle endringer vil kunne gjelde fra 2026. Kommunal- og distriktsministeren vil orientere Stortinget om status på arbeidet i kommuneproposisjonen, som legges fram i mai.

Med hilsen



Andreas Bjelland Eriksen